

Norsk Ordbok er eit tolvbands ordboksverk som gjev ei uttømmende og vitskapleg framstilling av ordtilfanget i dei norske dialektane og i det nynorske skriftmålet. For kvart oppslagsord finn ein grammatiske opplysningar om ordet, tydingar, ordhistorie og døme på bruken av ordet i litteratur og dialektar med kjeldetilvising og heimfesting.

Norsk Ordbok byggjer på ordbøkene til Ivar Aasen, Hans Ross og Steinar Schjøtt. I tillegg er ordboka bygd på eit eige arkiv med om lag 3,2 millionar ordsetlar som er samla inn av frivillige medarbeidarar over heile landet. Redaktørane bruker òg ei omfattande samling av elektroniske tekstar frå nynorsk sakprosa og skjønnlitteratur i arbeidet sitt. Dette tekstkorpuset inneheld 37 millionar ord og omfattar tekstar frå Ivar Aasen til Jon Fosse.

Norsk Ordbok vil liggje føre komplett i 12 band til grunnlovsjubileet i 2014. Kvart band er på 800 sider og omfattar om lag 25 000 oppslagsord. Til saman kjem ordboksverket til å innehalde ca. 300 000 oppslagsord når det er ferdig. Med siste utgjeving, band 9, dekkjer verket oppslagsorda frå *a* og til og med ordet *skodda*.

Norsk Ordbok blir laga av prosjektet Norsk Ordbok 2014, som held til ved Universitetet i Oslo. Prosjektet er finansiert av Kulturdepartementet og universitetet. Banda blir utgivne av Samlaget, og Noregs forskingsråd gir støtte til trykkinga.